



Olje og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Per Kristian Austbø, 51 56 89 10

Uttale til høyring nasjonal ramme vindkraft på land

Det må vurderast nøye om ikkje allereie konsesjonsgitt vindkraft no er ved ei tolegrense for samla belastning på allmenne interesser i Rogaland.

Om det framleis skal leggst til rette for vindkraftverk på land i Noreg, må nasjonal ramme for vindkraft vidareførast. Ramma må følgast opp som grunnlag for eit nasjonalt utviklingsarbeid som del av ein samla og overordna energistrategi. Dette for å få god samfunnsøkonomi, føreseielege prosessar, reduserte konflikhtar, betre konsesjonsprosessar, nasjonal styrking av kunnskapsgrunnlag, og meir overordna vurderingar og omsyn til samla belastning for natur- og kulturverdiar.

Fylkesmannen gir grunngjevne framlegg om vesentlege kartendringar i dei to utpeikte del-områda i Rogaland; Sunnhordland og Haugaland, og Vest-Agder og Rogaland

Vi syner til dykkar høyringsbrev av 01.04.2019, om nasjonal ramme vindkraft på land. Høyringsfristen er utsett til 01.10.2019. De ber om innspel både til dei konkrete framlegga i rapporten, og om det bør fastsettast ei nasjonal ramme for vindkraft i Noreg.

Bakgrunn for saka

Nasjonal ramme er ei oppfølging av energimeldinga (St.m. 25, 2015-2016). Regjeringa vil legge til rette for langsiktig utvikling av vindkraft, og at Olje- og energi-departementet (OED) skal utarbeide ei nasjonal ramme for konsesjonsbehandling av vindkraft. Føremålet med ramma er å bidra til at dei best eigna vindkraftlokalitetane blir identifiserte, og såleis bidra til meir effektiv konsesjonshandsaming og demping av konflikt.

NVE fekk i 2017 oppdrag frå OED om å leie arbeidet med forslag til ei slik nasjonal ramme for vindkraft. NVE har no lagt fram rapporten; etter fagleg samarbeid med mellom andre Miljødirektoratet og Riksantikvaren. Fylkesmennene har på oppdrag frå Miljødirektoratet gitt omfattande faglege innspel til kunnskapsgrunnlaget for dei aktuelle analyseområda. I rapporten til høyringa er det peikt ut 13 område som NVE, etter ei samla nasjonal og regional vurdering, meiner er dei best eigna for vindkraft på land i Norge. To av desse 13 områda ligg delvis i Rogaland.



Fylkesmannen vil i det følgjande gje merknader til ulike delar av NVE-rapporten. Vi legg vekt på våre sentrale ansvarsområde. Så gjev vi merknader om nasjonal ramme bør vidareførast eller ikkje.

Merknader til ulike delar av rapporten – følgjer for miljø og samfunn

Innleiingsvis vil vi syne til fylkesdelplan for vindkraft, godkjent av Miljøverndepartementet i 2009. Planen var ei oppfølging av MD/OED si oppfordring til fylka om å utarbeide regionale planar for vindkraft (retningslinjer T-1458). Planen er særskild grundig og konkret, der alle sentrale allmenne interesser og vindkraftpotensiale er lagt til grunn for å kartfeste såkalla «ja, kanskje og nei»-område for vindkraft. Planen dekkjer såleis langt på veg det som er føremålet med nasjonal ramme. Planen er i altfor liten grad teken omsyn til ved handsaming av kraftsaker. Det har undergrava regionplanen sin autoritet og i stor grad ødelagt vindkraftbransjen sitt omdømme i Rogaland. Det er no gjeve meir enn 20 konsesjonar for vindkraft i Rogaland; ca. 60% av desse i såkalla «Nei-sonar». Dette utgjer nær 110 km².

Rogaland fylkeskommune har i 2009 vedtatt eigen regionplan for energi og klima. Rogaland er eit av dei mest vasskraftproduserande fylka i landet. I tillegg vil vindkraftverk som er i drift eller under bygging, samla produsere 2,5 TWh. Målet i regionplanen er såleis nådd. Dersom alle konsesjonsgitte område blir bygd ut, vil produksjonen komme opp i 3,6 TWh vindkraft.

Det må vurderast nøye om ikkje vindkraftproduksjonen og den samla belastninga på allmenne interesser i Rogaland frå vindkraft, er tilstrekkeleg no.

Overordna konsekvensutgreiing kraftproduksjon

I arbeid med ramma, har NVE ikkje fått føringar for kor mykje vindkraft ein skal legge til grunn. Ramma står no fram utan strategisk vurdering og samanheng med eksisterande og potensiell energiproduksjon, infrastruktur og energibehov i landet. Eit vidare arbeid med ramma må underordne og tilpassa seg ei overordna konsekvensutgreiing for samla nasjonal kraftproduksjon. Denne kan klargjere samla energibehov, potensiale for nye eller oppgradering av vasskraftanlegg, havvindsatsinga, energibruk, og nye energiformer som solenergi; også i eit samfunnsøkonomisk perspektiv.

Vindkraftanlegga med infrastruktur er irreversible inngrep og har betydning for framtidige generasjonar. Samfunnsøkonomisk er det store kostnader til satsinga. Dei såkalla «eksterne kostnadene», som økosystemtenester, naturverdiar og biologisk mangfald, landskapsverdiar, landbruk, helse og trivsel, må vurderast i ein slik overordna strategi.

Kunnskapsgrunnlaget

I arbeidet med nasjonal ramme var det føringar om å legge til grunn eksisterande kunnskap for dei ulike temavurderingane. Dette med utgangspunkt i dei eksisterande kartdatabasane som direktorata har tilgjengeleg. Som støtte til dette vart det utarbeidd 21 tematiske delrapportar. Høgst aktuelle tema, som i dag ikkje ligg på nasjonale kartdatabasar, kunne såleis ikkje leggjast til grunn i tilstrekkeleg grad for analysa, slik som friluftslivinteresser, overordna økosystem, mangelfulle naturkartleggingar, og moglege følgjer av endringar i klima (t.d. viktige natur-gradientar frå sjø til fjell).

Fylkesmannen fekk derfor i oppdrag av Miljødirektoratet å bidra med regional kunnskap, spesielt innan våre ansvarsområde. På eit samla grunnlag skulle vi vurdere konfliktnivå for områda i



Rogaland. Frå vår side blei det lagt mykje arbeid i å avdekke kunnskap og konfliktpotensiale som ikkje blei fanga opp av nasjonale kartbasar i tilstrekkeleg grad.

I nasjonal ramme, slik den er sendt på høyring, måtte naturleg nok NVE vurdere vindkraftpotensiale og konfliktgrad i eit nasjonalt perspektiv. NVE valde derfor å behalde 2 av analyseområda som delvis ligg i Rogaland. Når NVE i si vurdering av desse to (kap. 51 og 52 i rapporten), legg vekt på relativt lågare konfliktgrad, så illustrer dette etter vårt syn at den gjennomførte analysa har vesentleg kunnskapsmanglar og til dels svake vurderingar. Vindkraftutbygging i sentrale delar av desse områda vil i sterk grad forringe verdiar, mellom anna kjerneområde for mykje brukte og tilrettelagte regionale friluftsansett; med påfølgjande stor allmenn konflikt.

Dette tydeleggjer behovet for langt strengare krav til dokumentasjon og konsekvensutgreiingar dersom nye områda framleis skal vere aktuelle for utbygging.

Kunnskapsbehov

I utkast til ramme gjer NVE greie for kunnskapsbehov på ein del tema som t.d. friluftsliv, dyreliv, naturtypar og økologiske prosessar, naboverknader, og behov for forskning og etterundersøkingar. Fylkesmannen er generelt samd i desse forslaga, og har følgjande utdjupande merknader:

Friluftsliv/Landskapsopplevingar

På dette temaet er kunnskapen i Rogaland særskild god, med revidert Fylkesdelsplan for friluftsliv og eigen fylkeskommunal rapport om verdifulle landskap i Rogaland. Vindkrafttramma peiker på manglande kunnskap om friluftsliv, og verdivurderingar og nasjonal relativ vektning av område for dette tema. NVE skriv at i mange tilfelle er kunnskapsgrunnlaget så svakt at det ikkje har vore forsvarleg å ta tema friluftsliv med som avgjerande kriterium for vurderinga av dei aktuelle områda.

I Rogaland er det ikkje svakt kunnskapsgrunnlag for friluftsliv og landskapsverdiar. Rogaland fylkeskommune har i mange år opparbeidd stor kunnskap om bruk av friluftsområda i fylket. Gjennom tett samarbeid med kommunar, Fylkesmann, friluftsråd og lokale turistforeiningar, er det uvanleg godt tilrettelagt for eit omfattande friluftsliv. Bruken er godt kjent og dokumentert. Regionplanen for friluftsliv har nyleg vore rullert. Fylkeskommunen har og eigen kartrapport om verdifulle landskap i Rogaland.

Den manglande kunnskapen om friluftsliv-data som ramma peiker på, og som derfor har fått nasjonalt undervekt i områdeforslaga, slår derfor direkte feil ut for Rogaland sin del. Vi har den 4. største befolkninga i Noreg, også etter fylkessamanslåingar. Vi forstår det uvanleg sterke engasjementet som friluftslivinteresserte generelt og deira organisasjonar spesielt, gir uttrykk for. Dei opplever varig tap av identitets- og brukslandskap

Dyreliv/Økosystem/Samanhengande naturområde – For artsgrupper som fugl, flaggermus, insekt, villrein og anna vilt, er det kritiske kunnskapshol om vindkrafteffektar på spesifikke artar, men ikkje minst forståing for den samla verknaden på populasjonar og artar ved stor forringing og fragmentering av økosystem som livsgrunnlag og interaksjon mellom artane. Våre erfaringar med mange tidlegare konsekvensvurderingar understrekar nettopp desse mangla. Vurderingane har vore til dels særskild mangelfulle og av sprikande kvalitet på desse tema. Vi minner om FN sin nye rapport frå Naturpanelet som peiker nettopp på tap av større naturprega areal som livsgrunnlag for biologisk mangfald, og IPPC sin rapport om endringar i klima og arealutnytting, som syner at landareal i all vesensgrad allereie er utnytta.

Landbruk



NVE vurderer at vindkraft berre vil gi avgrensa verknader for landbruket sitt ressursgrunnlag. Vi er til dels einige i at vindkraftanlegg vanlegvis i mindre grad legg beslag på dyrka jord. Vi meiner likevel at denne vurderinga er for snever i det vindkraftanlegg kan gje potensielt vesentlege verknader både direkte og indirekte på landbruksareal og private og offentlege interesser i områda.

Vegbygging vil på den eine sida bidra til å gjere areal meir tilgjengeleg, men kan og bidra til å fragmentere jordbruksareal og gjere effektiv bruk av areala potensielt vanskelegare. Vegbygging kan og opne for betre tilgang og opne nye areal for intensiv bruk og slik sett redusere biomangfaldet i utmarka gjennom næringstilførsel og intensiv beiting.

Rettigheiter i skog og utmark kan og bli påverka. Landbruket eig og forvaltar store areal som gir viktige bi-inntekter. Både bruk og inntekter frå jakt- og fiskerettar og turisme vil bli redusert.

Vi meiner derfor det er behov for meir kunnskap om langsiktige verknader frå vindkraft på landbruk i vid forstand, også ut over vurdering av landbruk i dei einskilte konsesjonssakene.

Klimaavtrykk og CO²-reknskap

Vi saknar at ramma gjer nærmare greie for dette samansette temaet; ikkje minst i lys av stort offentleg fokus på klimaendringar, grønt skifte og behov for verkemiddel. I det minste burde dette vore peikt på som kunnskapsbehov. Vindkraftutbygging inneber viktige kjelder til energibruk både ved produksjon av anlegg, transport av desse, under anleggsarbeid, ved framtidig nedlegging, og ikkje minst permanent øydelegging av CO²-bindande myr og myrlendt mark i anleggsområda.

Naboverknad

Vi er samde når rapporten peiker på kunnskapshol på tema som støy og helse, og visuell eksponering mot naboar til anlegga. Gitt dei tilbakemeldingane vi no får frå kommunar og friluftsfolk i delar av Rogaland, er det stort behov for meir kunnskap om opplevd verditap for folk langt utover nabogrensene. Den samla visuelle effekten (også med lys om natta) av dei omfattande eksisterande og kommande utbyggingane i til dømes sør-fylket vårt verkar ekskluderande og reduserer livskvaliteten for mange. Det er også aukande bekymring for tap av eigedomsverdiar og satsinga på reiseliv, av same grunn.

Støy frå vindkraft, og spesielt infrastøy, er ein krevjande problemstilling der god empiriske kunnskap er mangelfull. Her peiker derfor rapporten på eit stort behov, også samarbeid med andre land. Så langt vi kjenner til er det ny utanlandsk forskning på infralyd og helse som vekker grunn til uro.

Konsesjonsprosessar, detaljplanlegging med MTA-plan

Rapporten gjer i kap. 8 greie for prosessane knytt til konsesjonssøknadar og oppfølgande fase for detaljplanlegging med MTA-plan. I kap. 60.1 – 60.2 rår NVE til at kunnskapsgrunnlaget bør vidareutviklast og at det blir utarbeida ein vegleiar og fornya retningslinjer for konsesjonsprosessen. Dette for å forbetre involvering og redusere konflikt gjennom høgare kvalitet på konsekvensutgreiingane og styrke samarbeid mellom etatar.

Rogaland var tidleg ute med fylkesplan for vindkraft og har, trass i store konfliktar med landskap og natur, bygd ut mest vindkraft av alle fylker. På bakgrunn av våre røynsler, er vi klart samde med NVE sine tilrådingar. Vi ser klare behov for strengare krav til konsekvensutgreiingane, med oppdatert dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar av alternativ, frå tilstrekkeleg kvalifiserte aktørar.



Dette må også inkludere langt tydelegare areal-avklaringar for plassering og utforming av anlegget, inkludert vegar både innanfor og inn til anleggsområdet. Vi saknar i så måte at nett-tilknytning inngår i ei samla prosjektvurdering. Nett-tilknytning blir viktig for å få ein god vurdering av dei totale effektane av prosjekta, saman med den samla belastninga i tiltaksområda. Som kjent blir nett-tilknytning i dag handsama separat. Manglande samla prosjektvurdering inneber store utfordringar for vurdering av dei konkrete kumulative konsekvensane for allmenne interesser.

Detaljplan/MTA - Ved gitte konsesjonar skal utbyggjar deretter utarbeida og få godkjent detalj- og MTA-plan. Våre røynsle tilseier at NVE har praktisert ein overordna og «fleksibel» tilnærming for utbyggjar, slik at det kan skje betydelege endringar i prosjektering nærmast heilt inn i anleggsfasen, normalt utan krav til ny KU og høyring. Dette medfører mellom anna at vi ved innspel til detaljplan finn det krevjande å gje presise tilbakemeldingar og samstundes ha tillit til at arealbeslag blir som planlagt i høyringsutkastet. Tilsvarande opplever vi at kommunar og andre har vanskar med å ta stilling til tilkomsvegar og interne vegar når desse framstår såpass omtrentleg, og i nokre tilfelle får endra trasé i etterkant. Denne planpraksisen er særst uvant i forhold til det som er normale krav etter plan- og bygningsloven, inkludert krav til reell medverknad.

Energilov versus Plan- og bygningslov (PBL)

Ut frå det som er nemnt ovanfor må det vurderast om vidare vindkraftutbygging på land i hovudsak må skje etter PBL-handsaming som alternativ til energilova. Eventuelt må bruk av energilova i større grad harmonerast med PBL sitt krav til utgreiing, detaljplanlegging, lokal og regional styring og medverknad.

Merknader til utvalde vindkraft-område i Rogaland

Vi syner til rapporten sitt framlegg om aktuelle vindkraftområde i Rogaland. Det er tale om område Sunnhordland og Haugalandet, med sørleg del i Rogaland, og område Vest-Agder og Rogaland, med nordvestlege delar i Rogaland. Vi har følgjande merknader til dei to del-områda. Vi legg og ved kart og utdjupande faglege vurderingar.

Område Sunnhordland og Haugaland (kap. 51 i rapport)

For Rogaland sin del er området i overgangen frå kysthei til furu- og varmekjær skog i indre lågland. Kystheiane, med mosaikken av kystlynghei, naturbeite, myrar og berg, løftar seg opp i høgda og gir ein glidande overgang mot boreal hei og fjellheiane som kan kome inn på toppane. Kyststrøka er økologisk relativt kompakt med betydeleg gradientar både i høgda og langs fjordane. Dette gjer seg utslag i ein variert natur med samla høgt mangfald i komplementære naturtypar. Dei topografiske høva gjer opphav til naturvariasjon både på liten skala, men også vidare geografisk variasjon i klima.

Naturtypar og planteliv

Vindkraftanlegg er i all hovudsak ønska etablert i opne landskap som kystlynghei og fjellhei. I slike landskap er ein betydeleg del av biologisk artsmangfald knytt til luftrommet i eit eller fleire stadia av artane sin livssyklus. Vindturbinar i luftrommet vil sterkt redusere kvaliteten som levehabitat for fleire organismar.

I skogsområda vil naturtypar som regnskog, temperert og boreonemoral, vere utsett for større inngrep (som vegar); både ved sjølv inngrep, men ikkje minst og gjennom fragmentering av samanhengande skogøkosystem. Desse naturtypane er eksepsjonelt utsett for inngrep. Dei er flekkvis distribuert og inngrep kan påføre betydeleg avstandsauke mellom levelege habitat med regional negativ samverknad for fuktkevjande artar. Vidare er skogsområda særdeles hardt utnytta i



regionen og eldre naturskog førekommer berre sporadisk og i mindre bestandar. For sjeldne naturtypar eller sjeldne utformingar av naturtypar vil eitkvart reduksjon av økosystemfunksjon gi regional negativ samverknad av betydning.

Fugl

Område på Karmøy og Haugesund er dekkja av omfattande infrastruktur, jf. NVE sine harde eksklusjonar. Fugletrekk går anten vest eller aust for desse sterkt utnyttja landareala. Miljødirektoratet føreslo at den austre leden blei ekskludert. Vindkraftanlegg sørvest frå Bokn til Aksdal vil utgjere hindringar for dette fugletrekket. Dette strekket er også heimeområde for artar som hubro og havørn. Område i sør, Bokn og Yrkjefjorden og Vindafjord, er i særklasse det viktigaste reproduksjonsområde for havørn. Reproduksjonen her er eit betydeleg bidrag til regional utvikling av havørn, og restriksjonar i dette habitatet vil utvilsamt få negativ samverknad for bestanden i Rogaland og søre delar av Vestland fylke.

Dyreliv

I området er det kontinuerlege registreringar av viltdata i kommunane Tysvær og Vindafjord.

Friluftsliv

Området er viktig reiselivsmål og friluftareal for regionbefolkninga på Haugalandet, men også for befolkning rundt heile Boknafjorden, inklusiv Stavanger og nord Jæren. Det er omfattande tilrettelagt med hytter. I nord ligg område lett og fergjelaust tilgjengeleg for folk i Sunnhordaland. Område har særprega friluftsliv knytt til fjordane, kystheiane, skogane og fjellheiane. Tilgjengelegheita og mangfaldet av moglegheter gjer dette til eit heilårsmål for tilreisande og lokalbefolkning.

Samla belastning

Økologisk kunnskap tilseier at under auka press vil natur krevje regionalt meir areal for å oppretthalde tilsvarande artsbestandar. Dette heng saman med den negative proporsjonaliteten mellom habitatkvalitet og bestandsstorleik. Vindkraft vil både endra habitatkvalitet, t.d. hindre jaktande fugl eller endre dreneringstilhøve og snødrift, og legge arealbeslag ved installasjonar. Dette er areal som ikkje allereie er nytta intensivt, dvs. kystheiane og fjellheiane, med god avstand til mellom anna bustadområde. Det er klart at vindkraft vil virke saman med anna belastning ved at ny område blir påverka både på bakken og i lufta. Ein slik auka arealutnyttingsgrad er og anerkjent som eit globalt problem, jf. IPCC special report on climate change and land (IPCC 2019).

Område Vest-Agder og Rogaland (kap. 52 i rapport)

I Rogaland inngår områder i Gjesdal, Bjerkreim og Lund kommunar. For Gjesdal og Bjerkreim er det dei nordlege områda som er tatt med, mens det i Lund er eit langstrakt område mot aust, langs grensa til Vest-Agder. NVE har i stor grad vektlagt teknisk-økonomiske dugleik, og meiner området har plass til mange vindkraftverk av ulik storleik. NVE skriv i forslag til nasjonal ramme at det i dette område er viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt til mellom anna fugl og friluftsliv, men at deira analysar tilseier eit relativt lågt konfliktnivå.

Grunna krevjande topografi, og viktige friluftslivs- og reiselivsinteressar i den nordvestlege delen av området (rundt fylkesgrensa mellom Rogaland og Vest-Agder), meiner NVE at det kan vere aktuelt å trekka områdegrensa noko sørover her.

Naturtypar og planteliv



Den nordlege delen av område er i stor grad fjellhei. Her er få registrerte naturtypar i fjellet, men mange bekkeløfter langs fjellsidene. Ein finn og store myrkompleks. I den delen av området som er i Lund kommune er det mellom anna registrerte viktige og svært viktige førekomstar av kystlynghei, slåtte- og beitemyr, lågurt-eikeskog og alm-lindeskog.

Fugl

Område er svært viktig for rovfugl (haukefuglar, falkar og ugler) med hekke-, trekk- og næringsområde spreidd i heile området. Her er leveområde for fjellrype og lirype og kjerneområde for orrfugl. Område ligg i den nordlege delen av ein svært viktig trekkorridor, både i nasjonal og internasjonal samanheng. Korridoren er nytta av ei rekke fugleartar innan rovfugl, hønsefugl, sjøfugl og vadefugl, samt sporvefugl på vår- og hausttrekk (fleire er ansvarsartar og trua). Kartleggingar frå Lista fuglestasjon tyder på at kystlandskapet på makronivå (Lindenes-Lista) fører til ein konsentrasjon av vår-trekkande fugl i korridoren langs kysten Flekkefjord-Eigersund, før dei spreiar seg mot hekkeområde vidare nordover.

Anna dyreliv

I del av området som er utpeikt i Rogaland finn ein trua artar av flaggermus og viktige område for hjortevilt. Utbygging her, særleg i dei nordlege delane av området (Gjesdal og Bjerkreim), kan vere øydeleggende for ei reetablering av villrein i Frafjordheiane, og trekk mellom randområda i Vest-Agder og til Frafjordheiane.

Vassdrag

Utbygging av vindkraft vil i større delar av område vere i direkte konflikt med det verna vassdraget Bjerkreimsvassdraget. Vassdraget er av kritisk betydning for landskap og naturmangfald og har viktige verdier knytt til friluftsliv og kulturminne.

Landskap

Særleg nordleg del av landskapet er av nasjonal betydning (fylkeskommunal rapport landskap). Inngrep vil forringe det som i dag er det største attverande, samanhengande naturområde i Rogaland.

Friluftsliv

Friluftsliv er særskild viktig i heile område. Her er fleire friluftslivsområde med nasjonal verdi. Det er eit omfattande nettverk av ruter og hytter, og området er nytta av hundretusenvis av brukarar.

Samla belastning

Det aktuelle delområdet har nasjonale landskapsverdier. Det utgjer eit regionalt kjerneområde for friluftsliv, og har særskild viktige og varierte biologiske kvalitetar av til dels nasjonale/internasjonale kvalitet (fugletrekk). Verna Bjerkreimsvassdraget ligg her. Området er foreslått som nasjonalpark i supplerande vern-prosessen. I ei vurdering av samla belastning må desse verdiane vektast mot dei til no uvanleg mange vindkraftanlegga som allereie er godkjent og under bygging i sør-Rogaland.

Behov for nasjonal ramme vindkraft på land

Det har vore lagt ned eit stort arbeid med vindkrafttramma. Både metodisk og fagleg har det vore særskild krevjande. Først og fremst for NVE som hovudansvarleg, men også Miljødirektoratet (med oss fylkesmenn som underleverandørar) og Riksantikvaren.



Avgrensa faglege og politiske føringar (til dømes omfang av vindkraft), og avgrensa ressursar og tid til arbeidet, har vore klart utfordrande. Likevel er det gjort eit særskilt omfattande og grundig arbeid som uansett vil komme til nytte i arealforvaltning generelt.

OED ber om merknader til om ramma skal vidareførast eller ikkje. Vi har vurdert alternativa til nasjonal ramme (jfr. kap. 60.3 NVE-rapport):

- Null-alternativ utan prioriterte område - vi meiner det vil gje svakare overordna styring og planlegging, vere mindre føreseieleg, og ikkje minst bidra til å oppretthalde det omfattande konfliktnivået.
- Alle ikkje-ekskluderte areal framstår som egna for vindkraft – vi meiner det vil gje dei same negative verknadane som null-alternativet.
- Regional utpeiking av område gjennom regionale planar som alternativ til nasjonal ramme. Vi meiner dette vil kunne gje regionane ei styrka involvering og styring av utbygging, auke høve til medverking for befolkning, og i sterkare grad byggje på regional kunnskap, samfunnsbehov og natur- og kulturverdiar. Ei slik løysing vil likevel kunne gi styringsutfordringar for vindkraftutbygging som del av ein region-overskridande nasjonal energistrategi.

Konklusjon

Om det framleis skal leggjast til rette for vindkraftverk på land, må nasjonal ramme for vindkraft vidareførast. Ramma må følgast opp, korrigert og vera del av ein samla og overordna energistrategi. Dette for å få god samfunnsøkonomi, føreseielege prosessar, reduserte konflikhtar, betre konsesjonsprosessar, nasjonal styrking av kunnskapsgrunnlag, og betre vurdering og omsyn av samla belasting for natur- og kulturverdiar.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Område Sunnhordland og Haugalandet
- 2 Område Vest-Agder og Rogaland
- 3 Kart eksklusjoner Rogaland

Kopi til:

NVE Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091
Majorstuen

0301 Oslo



Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger


Framlegg til eksklusjoner i nasjonal ramme for vindkraft. Fylkesmannen i Rogaland

— NVE forslag

▨ Sunnhordaland og Haugaland hard eksklusjon

▨ Vest-Agder og Rogaland hard eksklusjon

0 12.5 25 50 Km



Område 51 Sunnhordland og Haugaland

For Rogaland sin del er område i overgang frå kysthei til furu- og varmekjær skog i indre lågland. Kystheiane, med mosaikken av kystlynghei, naturbeite, myrar og berg, løftar seg opp i høgda og gir ein glidande overgang mot boreal hei og fjellheiane som kan kome inn på toppane. Kyststrøk er økologisk relativt kompakt med betydeleg gradientar både i høgda og langs fjordane. Dette gjer seg utslag i ein variert natur med samla høgt mangfald i komplementære naturtypar. Dei topografiske høva gjer opphav til naturvariasjon både på liten skala, men også vidare geografisk variasjon i klima.

NVE har samla deler frå to av dei opphavelige analyseområda, dvs. område 15 og 16. NVE skriv mellom anna at området er lite eigna for større anlegg men det er rom for fleire små. Området som er lagt fram av NVE overlappa delvis med Miljødirektoratets innspel for areal som burde ekskluderast, og eit friluftsområde i aust, jf. Fig. 81 i «Forslag til nasjonal ramme for vindkraft» (NVE rapport 12-2019).

Naturtypar og planteliv

Vindkraftanlegg er i all hovudsak ønska etablert i opne landskap som kystlynghei og fjellhei. Dette er opne områder og kan verke relativt flate, men for naturtypar som kystlynghei og fjellhei er ein betydeleg del av biologisk mangfald knytt til luftrommet i eit eller fleire stadia av deira livssyklus. Ved å inngrep i luftrommet vil kystheiar og fjellheiar bli til dels øydelagt og kvaliteten sterkt redusert som levehabitat for fleire organismar. I skogsområda vil naturtypar som regnskog, temperert og boreonemoral, vere utsett for endringar i luftfukt, difor er desse naturtypane eksepsjonelt utsett for inngrep. Desse skogane er flekkvis distribuert og inngrep kan påføre betydeleg avstandsauke mellom levelege habitat med regional negativ samverknad for fuktkrevjande artar. Vidare er skogområda særdeles hardt utnytta i regionen og eldre naturskog førekommer berre sporadisk og i mindre bestandar. For sjeldne naturtypar eller sjeldne utformingar av naturtypar vil eitkvart reduksjon av økosystemfunksjon gi regional negativ samverknad av betydning.

Området som Miljødirektoratet ønska skulle ekskluderast i sørvest er dominert av den sterkt truga og utvalde naturtypen kystlynghei. På Bokn og Ognøy i sør er det registrert svært viktig kystlynghei (verdi A) i purpurlyng-utforming. Ny kartfesta kunnskap har vist eit svært viktig kystlyngheiområde (Verdi A) heilt nord i område Miljødirektoratet ønska å ekskludere, ved Amdal i Tysvær (Ecofact 672). Elles er det større areal i denne sona grunnlendt mark, jf. arealressurskart NIBIO, som er ein god indikator for kysthei. Området supplerast med større myrkompleks som består av rekke med mindre myrar. Slike myrsystem i kystområde har ein særskild viktig økologisk funksjon og konnektivet i slike myrrekke kan lett brytast ved einskilde inngrep.

Tiltak som vindkraft vil medverke til ein betydeleg samla belastning på kystheiane, vindkraft vil i seg sjølv bestå av store inngrep ved vegar og fysiske vindmøller i terrenget. Naturtypen kystlynghei er den økologiske tilstand som gjer det mogleg at eit sett artar kan førekome. Dette er ikkje berre vegetasjon, og med eit fysisk tiltak som vindkraft vil dei tredimensjonale elementa av naturtypen kystlynghei blir strekt redusert og samverknad av bestandar regionalt vil forringast. Ein fragmentering av landskapet vil gjere arealbeslag men også føre til redusert storleik av bestandar grunna lågare grad av konnektivet. Dette gjelder særskilt dyr, men også

plantar vil bli råka mellom anna ved endra distribusjon av pollinatorar og mogleg endra besøksfrekvens i blomstringa. Slik redusert besøksfrekvens vil kunne auke sjølvpollinering for fleire artar, noko som igjen medføra redusert viabilitet blant blomar. Andre bieffektar er sjølvsagt endring i vassføring og drenering langs vegar og der vegane blokkera vassflaum. Små bekkar er viktig distributør for ein rekke planteartar. Så ein veg gjennom eit område vil kunne ha betydeleg effektar. Området som i dag er i heildekkande vegetasjon blir meir i tilgjengeleg ved at framande artar ofte spreia seg langs med slike trasear. Dei etablerer populasjonar då i nærleiken av sårbare naturtypar. Frå desse populasjonane vil arten kunne få innpass etter kvart i ståande vegetasjon. Eit døme på slike artar er gyvel og lupin. Særskilt gyvel vil kunne dra fordel av vegar og forstyrre mark til å etablere frøkilder som kan gi opphav til bestand også i lyngheiane. Slike artar blir ofte flytte rundt med massar som tiltakshavarane nyttar til bygging av vegar og installasjonar. Dette er ein reell trussel da problemet har vist seg å være vedvarande blant entreprenørar. Arten gyvel er fremma av dei same brennetiltaka som er naudsynt for å oppretthalde tradisjonell kystlyngheidrift. Område med eit etablert vegnett vil også bli lettare tilgjengeleg for anna verksemd som kan skade kystheiane, t.d. gjødsling og for høgt beitetrykk.

Austover blir overgangen mot furuskogsdominans meir tydeleg, med skog i dei lågareliggande områda og kystheiane trekk seg opp mot fjellheiane på toppane i aust. Det er stor variasjon i skogsnaturtypane alt etter topografi, eksposisjon, klima, og geologi, og kulturhistorie. Dette gir eit komplekst skogmiljø med betydeleg preg av mosaikk i naturtypeinnhald. Frå sumpskogar, edellauvskogar, og oseaniske kystfuruskog med temperert regnskog (EN) og boreonemoral regnskog mm. Desse skogane komplimentera kvarandre og gir ein betydeleg artsmangfald. Sør for E134 finn med skogsreservata Helebrekkene, Tveitaneset, Stråtveit og tilrådde område Nordåker og Torstveit. Desse naturreservata med oseanisk kystfuruskog er komplimenterande og opnar for samla positiv synergi til bevaring av naturmangfald i regionen. Dette er skogsnaturtypar Norge har eit særskilt internasjonalt ansvar for.

Den samla belastninga vindkraft vil ha på skogsområda er hovudsakeleg gjennom vegane som vil måtte gå til vindkraftparkane over skoggrensa. Desse vegane vil gjere inngrep i naturtypen, dei vil medføre hinder for einskilte organismar knytt til naturtypen og dei vil kunne endre fysiske høve som er naudsynt for at naturtypen skal vedvare utanfor vegen. For skogar som temperert- og boreonemoral-regnskog så vil inngrep kunne forstyrre fukthøva mellom trea i skogen. Det blir meir vind og større grad av eksponering, slik at vegar i nærleiken av desse fuktkrevjande naturtypane i skog kan ha negativ verknad på einskilte plantebestandar som krev stabilt luftfukt. Bestandane vil gå bort eller reduserast og dermed påverke negativ regional samverknad for arten, sjølv om vegen går på sida av holtet. I ein samla belastning vil tiltak som vindkraft vere av betydning. Me må sjå til historiske data, der mykje av den vestnorske skogen vart høgda og skipa ut, mellom anna i Skottehandel. Skog var på eit lågt nivå om lag 1900 da skogplanting og plantasjedrift skaut fart. Da blei det hovudsakeleg nytta grantre og utanlandske treslag som ikkje er stadeigne. Saman med attgroing av fjellareal og kystheiar gir dette ei auke i skogsareala, jf. landskogstaksering og skogportalen NIBIO. Skogtilvekst i Rogaland er dermed ung naturskog eller produksjonsplantasjar for tømmer, det er difor særskilt lite av aldri skog i Rogaland, og dermed er ein uheldig inngrep av vindkraft betydeleg.

I dei høgare liggande områda har me mellom anna Grytnuten som kalkrik grunn i fjell, dette er sjeldsynt i Rogaland. Kystfjella er lite kartlagd men mot toppane vil me forvente særskilte naturtypar

for fjell, t.d. snøleie (NIN-T7) og våtsnøleie og snøleiekilde (NIN-V6) begge vurdert som sårbar (VU), jf. Artsdatabanken. Lengre aust går me inn i eit område med vekslende berggrunn, mellom anna med fylitt som gir opphav til rikare naturtypar også i fjellet.

Fjellheiane er i dag i hovudsak nytta til friluftsliv og til utmarksbeite. Da vil eit inngrep som vindmølle park representere ein betydeleg auke i den samla belastninga. Fjellheiane er veldig sårbare for inngrep og områder som har vore skada lang tid reparer seg naturleg, jf. restaureringsprosjekt ved Hjerkin skytefelt (NINA og Forsvarsbygg). Anleggsvegar i fjellet vil gjerne bli løfte i terrenget slik at dei ikkje samlar snø, og dermed vil dei ikkje berre påverke fuktforhold og drenering, men også snøplassering. Dette vil medføre ein redistribusjon av snøforhold som vil endre natursystema i fjell utover dei aktuelle fysiske inngrepa vegar og anlegg representera.

Fugl

Område på Karmøy og Haugesund er dekkja av omfattande infrastruktur, jf. NVE sine harde eksklusjonar, fugle trekk går anten vest eller aust for desse sterkt utnyttta landareala. Miljødirektoratet føreslo at den austre leden blei ekskludert. Vindkraftanlegg i sørvest frå Bokn til Aksdal vil leggja hindringar for dette fugletrekket. Dette strekket er også heimeområde for artar som Hubro og havørn. Område i sør, Bokn og Yrkjefjorden og Vindafjord er i særklasse det viktigaste reproduksjonsområde for havørn. Reproduksjonen her er eit betydeleg bidrag til regional utvikling av havørn, og restriksjonar i dette habitatet vil utvilsamt få negativ samverknad for bestanden i Rogaland og søre deler av Vestland.

Fugletrekk – NVE sin forslag vil medføre auka press og styring på/av fugletrekket. I området rett vest for avgrensingsforslaget ligg innflyging med Kopervik og Haugesund, sjå kart over harde ekskluderingar gitt frå NVE. Ein vindpark i område som Miljødirektoratet har ekskludert vil auke samla belastning på fugletrekk betrakteleg. Fugletrekk vil leggje seg naturleg bort ifrå sterke ljuskjelder og vil dermed i større grad ligge på utsida av Karmøy eller på innsida, over Tysvær. Om me får vindkraft i slike område vil dei skapa hinder for trekk.

Sjøfuglreservat – I og i nærleiken av områdeforslaget til NVE finner me fleire viktige sjøfuglreservat; Gåsholmen, Nautholmen, Lindøy, Oppsalholmen, Ilholmane, og våtmarksvernet Landavatnet med hekkande andefugl. Desse område snik seg alle under arealradaren til NVE, men deira funksjonsområde er betydeleg større, t.d. matsankingsareal, etc.


Lengre vest i området finner me skogsområde med skogsfuglartar, for desse vil påverknadsgraden av vindkraftutbyggingar bli mindre. Men i områdeavgrensinga er det fleire naturreservat, jf. naturtypar og planteliv, der konnektivet mellom reservata er ein viktig premiss. Fleire skogsfuglartar er også avhengig av opne plassar, som spel plassar og matauke, og særskilt myr og heiområde i nærleiken av skog vil vere sårbare for inngrep.

For område 51 sin del er det aktuelt med mindre vindkraftverk langs kysten og på fjellheiane. Innanfor områdeavgrensingane er det eit betydeleg relieff som skapar naturleg flekkvis fordeling

av fjellheier på toppar. I midtre strøk er desse toppane oftast små og fugl og ein må rekne at inngrep i desse områda vil fort legge beslag på prosentvis ein stor del av den einskilde toppen. Dette medføra ein betydeleg innskrenking i reviområde, og ein auka fragmentering mellom toppar. Dette vil påverke både småfugl som hekker eller finn føde i fjellhei, t.d. rype, blåstrupe, steinskvett, og rovfugl som jaktar på desse.

Hekking – området har ein betydeleg bestand av hekkande fugl og fugl som nyttar både fjell, skog og hei som naturlege revir og for matauke. Me kan ikkje sjå at dette har blitt synleg i NVE sine vurderingar. Område er særskilt viktig for einskilde ansvarsartar som til dømes havørn og hubro.

Havørn - I faggrunnlaget for fugl har NVE nemnt ein auka mortalitet blant vaksne på 5 km radius. Dette tydar at to vindkraftområder må minst ligge 10 km frå ein annan for at me skal finne områder som ikkje vert påverka. I følge illustrasjonen (Fig. 1) vil det ikkje vere plass til fleire vindparkar i det søraustre hjørne. Vidare overlappar påverknadsområdet av dei vindparkane som har fått konsesjon med dei mest stabile reproduksjonsområda for havørn i Rogaland. Andre område i Rogaland med hekking er ikkje av tilsvarande reproduktiv kvalitet. Auke i havørnbestand i Rogaland skuldast med overvegande sannsyn reproduktiv suksess i desse områda over tid. Det er klart at ein opning her vil gje store negative konsekvensar for havørn i Rogaland, og søre delar av vestlandet generelt.



Figur 1. Årleg reproduksjonssuksess hjå havørn. Rosa = vindkraft konsesjon gitt. Svart ring = 5 km radius, grå ring = 10 km radius.

Hubro – jamfør NVE sin faggrunnlag for hubro er det betydelege ringverknader ved ein utbygging alt frå habitatødelegging, påverknad av straumnett til endra næringstilhøve. Dei skriv at leveområda er opptil 0km², men fagrapport frå Rogaland (Ecofact rapport 153) visar at median heimeområde for hubro-par i hekketid kan vere heile 20km², doblast utanfor hekketida. Området som Miljødirektoratet føreslo utanfor vindrammeavgrensinga, jf. område 51, er innanfor aktive jakt og reir område for hubro. Her er større opne areal med kystlynghei, myrar og våtmark, jf. naturtypar og planteliv, som er essensielle for overleving og reproduksjon for arten. Det er viktig å ta med at dette er areal som ligg i overgang frå kysttheiområde til furuskogsområde i aust, dette er attraktive areal for Hubro og fleire av deira byttedyr.

Dyreliv

I området er det kontinuerlege registreringar av viltdata i kommunane Tysvær og Vindafjord.

I dei skogrike dalane er det mykje hjort mens i kulturlandskapet i sørvest er det meir rådyr. Særskilt Vindafjord peikar seg ut som ein av dei mest hjorterike kommunane i landet. Spesielt viktige områder er: Risanger, Bjergafjellet, Aurdalsdalen, Døldarheia, Bukkanibba og Vikadalen og austover. Desse områda overlappar med større bestandar av fuglevilt, både rovfugl, hønsfugl, andefuglar, hakkespetter og småfugl.

Friluftsliv

Området er viktig reiselivsmål og friluftssareal for lokalbefolkninga på Haugalandet men også for befolkning rundt heile Boknafjorden, inklusiv Stavanger og nord Jæren. I nord ligger område lett og fergjelaust tilgjengeleg for folk i Sunnhordaland. Område har særprega friluftsliv knytt til fjordane, kystheiane, skogane og fjellheiane. Tilgjengelegheita og mangfoldet av mogleheiter gjer dette til eit heilårsmål for tilreisande og lokalbefolkning.

Området er omkranset av Boknafjorden, med en masse av mindre fjordar og holmar, og Hardangerfjorden i nord. Liv på sjøen både som yrkje transport og friluftsliv har sterke tradisjonar i området. Kystheiane som kulturlandskap og friluftssareal er særdeles viktig for lokalbefolkning både som tradisjonsbindar men også som natur-, tur- og rekreasjonsområde. Kampen for å halde tradisjonane i hevd og landet opent har ført til eigne foreiningar, t.d. Haugaland lyngbrannreserve. Både kystheiane og fjellheiane mot aust er hovudnedslagsfeltet til Haugesund turistforeining. Dei vestre deler av område er bynært og mykje brukt av stor befolkning i tradisjonelt friluftsliv knytt til kysten og kystheiane. Bokn med omfattande regionale/tilrådd sikra friluftsområde (FDP). Likeså det meste av «Haugesundshalvøya» nord til fylkesgrensa. Nord for Aksdal (Valhestområdet i Tysvær) – 20 km² stor kysthei med omfattande tilrettelegging og bruk; «friluftslivprioritert» (FDP). Tysvær-Vindafjord har store og regionalt viktige (FDP) hei- og fjellområde rundt Storavatn, Storefjell-Ørno, Dalvanuten, Lammanut og Olalia. Dette er eit av kjerneområda til Haugesund turistforeining.

Samla belastning

Økologisk kunnskap tilseier at under auka press vil natur krevje regionalt meir areal for å oppretthalde tilsvarende bestand. Dette heng saman med den negative proporsjonaliteten mellom habitatkvalitet og bestandsstorleik. Bestand storleik påverkar evna organismar har til å tilpassa seg og robustheita for overleving i forhold til fluktuasjonar og langsiktige endringar i habitattilhøve. Ein auka samla belastning skjer ved areal endringar og/eller redusert habitatkvalitet på eksisterande areal. Vindkraft vil både endra habitatkvalitet, t.d. hindre jaktande fugl eller endre dreneringstilhøve og snødrift, og legge arealbeslag ved installasjonar. Dette er areal som ikkje allereie er nytta intensivt, dvs. kystheiane og fjellheiane, med god avstand til mellom anna bustadområde. Det er klart at vindkraft vil virke komplimentere anna belastning ved at ny områder blir råka både på bakken og i lufta. Ein slik auka arealutnyttingsgrad er og anerkjent som eit globalt problem, jf. IPCC special report on climate change and land (IPCC 2019).

Me vurderer dei endringane i samla belastning som eventuelle vindkraftverk vil påføre samverknad i økosystema og bestandane regionalt. Haugalandet har historisk vore og er framleis sterkt utnytta gjennom jordbruk, skogbruk, fiskeri, sjøfart, industri, oljeindustri har ført til store busetnader. Mykje av utmarksareala har vore nytta som beite eller tømmerproduksjon spesielt gjennom plantasjeering frå byringa av 1900 talet. Dette gjer at areala tilgjengeleg for vindkraft må i stor grad legge beslag på nye areal, dvs. at regionens arealutnyttingsgrad auka. Dette visar også med klarheit dei to vindkraftparkane som nyleg har fått konsesjon i Tysvær kommune. Vindkraft vil påføre direkte arealbeslag, men det vil også forringe naturområde. Område med vindkraft vil vere til dels utilgjengeleg for mellom anna fugl og infrastruktur som følgjer med vil kunne skape fragmentering og økosystemendringar som påverkar reproduktiv evne i bestand både, insekt, dyr, fuglar og plantar. Dette vil påverke heile økosystema og ikkje minst naturtypene. Her må ein sjå at ein naturtype er ein biotiske- og abiotiske-tilstand som kan ivareta eit økosystem med moglegheita for artar som kan tolerera dei høva, jf. Artikkel 1, Systemkjerne for Natur i Norge, Artsdatabanken.

Framlegg til ekskludering

FMRO foreslår endringar i nasjonal ramme for område sør i «Sunnhordaland og Haugaland» (Fig. 2). Området her faller saman med særskilt store og viktige naturverdiar og friluftsiresser. Det gjelder fugletrekk i sørvest, kystlynghei i sørvest, sjeldan og truga skogstypar i låglandet mot aust, og fjellhei i aukande grad austover. Det er tidlegare lagt liten vekt på reproduksjon i vurderingane og me viser til overvaking av mellom anna havørn, der ny samstilling av data klart tyder at område innanfor ramma er særdeles viktig for bestanden av havørn i Rogaland og regional oppgang i bestanden. Nå er denne hot-spott i fare ved dei to nye konsesjonane som er gitt i Tysvær til vindkraftparkar. Påverknadsradius frå desse parkane vil sluke store deler av det beste reproduksjonsarealet for havørn, det er difor ikkje rom for ytterlegare påverknad i dette området. Nedslagsfeltet for friluftsiressene dekker befolkning frå heile Boknafjorden, nord-jæren og Sunnhordaland, og område famnar to av Noregs største byar.




Fig. 2. Grønt = NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft. Raudt og blått = ekskluderingar føreslått av Fylkesmannen i Rogaland.

Område Vest-Agder og Rogaland

I Rogaland inngår områder i Gjesdal, Bjerkreim og Lund kommunar. For Gjesdal og Bjerkreim er det dei nordlege områda som er tatt med, mens det i Lund er eit langstrakt område mot aust, langs grensa til Vest-Agder.

Området er valt av NVE som eit av dei mest egna grunna svært gode produksjonstilhøve for vindkraft. Det er også eit området med god nettkapasitet (med unntak av frå Maudal (Gjesdal) og inn mot Sandnes). NVE har i stor grad vektlagt teknisk-økonomiske dugleik, og meiner området har plass til mange vindkraftverk av ulik storleik og at det i hovudsak er hei- og fjellområde her som er aktuelle for utbygging.

NVE skrivar i forslag til nasjonal ramme at det i dette område er viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt til mellom anna fugl og friluftsliv og. Men at deira analyser tilseier et lågare konfliktnivå i dette området enn i store deler av landet.

Grunna krevjande topografi, og viktige friluftslivs- og reiselivsinteressar i den nordvestlege delen av området (rundt fylkesgrensa mellom Rogaland og Vest-Agder), meiner NVE at det kan vere aktuelt å trekka områdegrensa noko sørover her.

Naturtypar og planteliv

Den nordlege delen av område er i stor grad fjellhei. Her er få registrerte naturtypar i fjellet, men mange bekkekløftar langs fjellsidene. Ein finn og store myrkompleks. I den delen av området som er i Lund kommune er det mellom anna registrerte viktige og svært viktige førekomstar av kystlynghei, slåtte- og beitemyr, lågurt-eikeskog og alm-lindeskog.

Området i Gjesdal og Bjerkreim består av kystlynghei og borealhei med naturbeitemark til fjellhei, området er i sterk hevd med sommarbeite. Det er få registrerte naturtypar i fjellet, men mange bekkekløfter langs fjellsidene. Her er store myrkompleks, kystnedbørsmyrer (VU) og beite- og slåttemyrer (EN). Dalsider med eldre boreal lauvskog, og enkelte rikare edellauvskogar i sørhellingar. I Ørsdalen finn ein Lonene ved Bjordal; ein viktig førekomst av naturtypen kroksjøer, flomdammer og meanderende elveparti.

I Lund finnes store områder med kystlynghei, men det er lite registrert i naturbase utover større areal verna kystlynghei. Kystlynghei i området er i hevd med både sau og kyr. Naturtyperegistreringar i lågare område inkluderer alm-lindeskog, lågurt-eikeskog (EN) med mellom anna den freda arten huldrenøkket (CR), sørvendte berg- og rasmarker og bekkekløft. Intakte myrsystem finnes spreidd i område, med noko slåttemyr (EN).

Vindkraft som er planlagt utbygd og utbygd i Rogaland ligg i område med mykje kystlynghei. Terrenginngrepa som skjer i etablering av vindkraft vil i stor grad forringe kystlyngheia og i mange tilfelle og føre til at naturtypen forsvinn frå område. Kystlynghei er ei utvald og sterkt trua naturtype og omsynet til naturtypen skal vege tungt i arealforvaltninga. Arealinngrep og gjengroing er dei største trugslane for naturtypen. Gjenverande viktige og svært viktige førekomstar av kystlynghei må bevarast for å sikre naturtypen for framtida.

Fugl

Eit svært viktig område for rovfugl (haukefuglar, falkar og ugler) med hekke-, trekk- og næringsområde spreidd i heile område. Her er leveområde for fjellrype og lirype og kjerneområde for orrfugl. Område ligg i den nordlege delen av ein svært viktig trekkkorridor, både i nasjonal og internasjonal samanheng. Korridoren er nytta av ei rekke fuglearter innan rovfugl, hønsefugl, sjøfugl og vadefugl, samt sporvefugl på vår- og hausttrekk (fleire er ansvarsartar og trua). Kartleggingar frå Lista fuglestasjon tyder på at kystlandskapet på makronivå (Lindesnes-Lista) fører til ein konsentrasjon av vår-trekkande fugl i korridoren langs kysten Flekkefjord-Eigersund, før dei spreiar seg mot hekkeområde vidare nordover. Tilsvarende vil hausttrekket gå over Siragrunnen, før fuglane bøyer av ved Lista og spreier seg langs ulike ruter utover sjøen.

Heile området er gjennomgåande viktig for rovfugl (haukefuglar, falkar og ugler). Her er fleire reirlokalteter for mellom andre hubro, kongeørn, jaktfalk, vandrefalk og hønsehauk. Undersøkingar utført hausten 2007 viste at ein større del (37 %) av rovfuglane vart registrert i potensiell kollisjonshøgde med vindkraftrotorar (50-150 moh.)¹

Hubro, ein sterkt trua art, har store krav til god næringstilgang og er svært sensitiv for forstyrringar i hekketida og for landskapsendringar. Rogaland er fylket med flest kjende hubroterritorie i Norge, og ein finn dei tettaste bestandane av hubro her (etter Sleneset, Nordland). I Norge har me ein handlingsplan knytt til arten der hovudmålet er å sikre ei berekraftig bestand for framtida. Bevaring av hubroen sine jaktområde og å hindre inngrep nær hekkelokalteter er i handlingsplanen rekna som nokre av dei viktigaste forvaltningstiltaka for hubro.

På oppdrag frå Miljødirektoratet så har Norsk Ornitologisk Forening (NOF) utarbeida eit faktaark om hubro² der dei også kjem med konkrete forvaltningsråd. Når det gjeld vindkraft skriv NOF at utbygging av vindkraft utgjer ein risiko for hubro når det gjeld kollisjon (med vindturbinar og med kraftlinjer) og det fører til store inngrep og øydeleggingar i habitatet deira. NOF gjer derfor følgande råd:

- Vindturbinar bør ikkje plasserast i kjende hubroterritorie
- Vindturbiner med gittertårn må ikkje plasserast nær kjende hubroterritorie (kan nyttast som utkikkspost)
- Infrastruktur knytt til vindkraftanlegg bør unngåast < 1 km frå kjende hekkelokaltetar

Ei undersøking gjort av Ecofact på Høg-Jæren/Dalane³ rekna normalt «heimeområde» for hubro til å vere ca. 20-31 km² i hekketida og 42-66 km² utanom hekketida. Skil ein følgje desse råda vil heile området som er utpekt i Lund kommune vere uaktuelt for utbygging, det same gjeld store delar av områda i Gjesdal og i Bjerkreim.

I Rogaland er det dokumentert minimum 46 hekketeritoriar av kongeørn, men ein antar at talet er betydeleg høgare⁴. Dei sørvestlege delane av Norge har tradisjonelt overvintringsområde for

¹ Tysse, T. 2007 Rovfugltrekk i planlagte vindparker i Sør-Rogaland. AMBIO Miljørådgivning. 66 sider.

² http://www.birdlife.no/naturforvaltning/pdf/skjerma_arter/hubro.pdf

³ Oddane, B., Undheim, O., Undheim, O., Steen, R. og Sonerud, G. A. 2012. Hubro *Bubo bubo* på Høg-Jæren / Dalane: Bestand, arealbruk og habitatvalg. Ecofact rapport 153. 40 sider.

⁴ Tysse, T. 2016. Eigersund vindkraftverk - forundersøkelser av trekkende rovfugler høsten 2015. Ecofact rapport 487, 45 sider.

unge kongeørn i Norge. Innanfor eit territorie er det ein eller helst fleire reirplassar som paret veljar mellom. Reirplassane kan ha vert brukt gjennom fleire hundre år. Storleiken på territoria er i stor grad styrt av næringstilgang. Det er sannsynleg at dei territorielle kongeørnene lever innanfor det same territoriet heile livet.

Anna dyreliv

I området som er utpekt i Rogaland finn ein trua arter av flaggermus og viktige område for hjortevilt. Utbygging her, særleg i dei nordlege delane av området (Gjesdal og Bjerkreim), kan vere øydeleggjande for ei reetablering av villrein i Frafjordheiane, og trekk mellom randområdene i Vest-Agder og til Frafjordheiane.

Flaggermus

Me har lite kunnskap om flaggermus i det utpekt område. Likevel, områder lenger ut mot kysten (Eigersund, Jæren) er sannsynleg viktige for fleire artar av flaggermus, både som leveområde sommarstid og som samlingsområde før trekk mot Skottland. Desse område er under press, mellom anna frå vindkraftutbygging, og det er derfor ikkje utenkeleg at flaggermus kan oppsøke andre område i nærleiken, slik som utpekt område i plassen.

Flaggermus er ei av dyregruppene som sannsynleg vert påverka negativt av vindkraft (kollisjon med rotorblad under jakt). Me har for lite informasjon om flaggermusartane i Norge; utbreiing, trekkruer, leveområde, til å kunne seie noko om samverknad for flaggermus ved utbygging av vindkraft her. Derfor må føre-var prinsippet (nml § 9) nyttast. Av dei 13 flaggermusartane som finns i Norge er 6 på raudlista. Storflaggermus (VU), trollflaggermus (VU), skimmelflaggermus (NT) og tusseflaggermus (VU) er trua arter som kan finnast i utpekt område. Områder som kan vere viktige for flaggermus må skjermast for inngrep.

Hjortevilt

Viktige område for elg og rådyr. Utbygging av vindkraft kan føre til fragmentering av leveområde og at viktige trekkruer ikkje lenger kan nyttast.

Villrein

Eit prioritert tiltak for å forvaltinga av villreinstamma i Setesdal-Ryfylke er å reetablere villreinstamma i Frafjordheiane⁵. Frafjordheiane landskapsvernområde ligg tett opptil den nordlege grensa for utpekt område. I Vest-Agder-delen av utpekt område er det store areal som er leveområde for villrein. Utbygging av vasskraft har ført til fragmentering av Setesdal-Ryfylke villreinområde. Det er derfor naudsynt å skjerme resterande trekkpassasjer mot ytterlegare menneskeleg ferdsel. Villreinen er svært sky, og utbygging av vindkraft, med dei inngrepa det

⁵ Strand, O., Gundersen, V., Thomassen, J., Andersen, R., Rauset, G. R., Romtveit, L., Mossing, A., Bøthun, S.W. & Ruud, A. 2019. GPS villreinprosjektet i Setesdal-Ryfylke – avbøtende tiltak. NINA Rapport 1457. Norsk institutt for naturforskning.

fører med seg (anleggsvegar, ferdsel, andre terrenginngrep), vil sannsynlegvis gjere område med vindkraft og ei stor buffersone rundt desse, uaktuelle for villrein. Utbygging av vindkraft i dette området kan derfor føre til ytterlegare fragmentering av område og at ein ikkje når målet om reetablering av villrein i Frafjordheiane.

Vassdrag

Utbygging av vindkraft vil i større delar av område vere i direkt konflikt med det verna vassdraget Bjerkreimsvassdraget. Vassdraget er av kritisk betydning for landskap og naturmangfald og har viktige verdiar knytt til friluftsliv og kulturminne.

Mesteparten av utpeikt område i Gjesdal og Bjerkreim ligg i Bjerkreimsvassdraget, som er eit verna vassdrag. Bjerkreimsvassdraget strekker seg frå Suldalsheiane og ut til kysten ved Eigersund og omfattar store deler av Høg-Jæren, Dalane og deler av Ryfylke. Vassdraget har eit sterkt forgreina elvesystem med fleire små og store vatn. Det er eit lakseførande vassdrag, det er viktig for friluftslivet og ikkje minst naturmangfaldet. Arealinngrep som fører til inngrep i vassdrag vil vere særleg konfliktfylt.

Landskap

Landskapet her, særleg i den nordlege delen, er av nasjonal betydning. Inngrep vil forringe det som i dag er det største attverande, samanhengande naturområde i Rogaland.

I nord grensar utpeikt område til verneområda Frafjordheiane og Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane. Området har nasjonale og regionale landskapsverdiar, til dømes er område Ørsdalen - Kvitladalen – Bjordalen kategorisert som eit nasjonalt viktig landskap. I Fylkesdelplan for vindkraft (2007) er konfliktgraden mellom eventuell vindkraftutbygging og landskap gjennomgåande satt til meget stor og stor i heile området.

Område i Gjesdal og Bjerkreim inngår for det meste i det største attverande, samanhengande naturområde i Rogaland.

Friluftsliv

Friluftsliv er viktig i heile område. Her er fleire friluftslivsområde med nasjonal verdi. Det er eit omfattande nettverk av ruter og hytter, og området er nytta av hundretusenvís av brukarar.

Størsteparten av område i Rogaland er i Fylkesdelsplan for vindkraft (2007) peika ut som «turområde der allmenne friluftslivsinteressar bør prioriterast». Konfliktgraden med vindkraftverk er her gjennomgåande satt til meget stor og stor konfliktgrad.

Ørsdalen – Øvre Sirdalen – Øvstebødaken er eit regionalt friluftsområde med hundretusenvís av brukare. Det er fleire turisthytter innanfor utpeikt område (Kvitlen i Rogaland, fleire i Vest-Agder), og det ligg fleire turisthytter tett opptil grensa for utpeikt område (mellom anna i Frafjordheiane). Det er eit stort rutenett av løypar, både sommar og vinter. Stavtjørnområdet og Frafjord-Espelandsheiane er friluftsområde med nasjonal verdi. Det er og eit statleg sikra

friluftslivsområde i Lund (Sætra/Ormelimyra) og det er fleire regionale friluftslivsområde innanfor området.

Landbruk

Det vil auka moglegheit for ulovleg gjødselspreiing.

Vurdering av samla belastning og forslag til justering av områdegrense

I Gjesdal og Bjerkreim finn ein natur-, vassdrag-, landskap- og friluftslivsverdiar av nasjonal verdi. Det bør ikkje skje inngrep her som forringer desse. I Lund er det naturområde av lokal til nasjonal betydning. Her er og hekkeområde for hubro jamt fordelt i heile området, i tillegg til hekkelokaliteter for kongeørn, hønsehauk og vandrefalk. Her er og viktige friluftslivsverdiar, mellom anna eit statleg sikra friluftslivsområde. Her bør det ikkje skje inngrep av vesentleg grad.

Presset på areal er høgare enn nokon gong. Det er strengt naudsynt at me klarar å balansere befolkningsvekst, auka matbehov, auka energibehov, opp i mot behovet for å ta vare på naturen. Det betyr at me må bruka areala smartare. Areal som allereie er i bruk (mat, energi, industri, busetnad) må utnyttast betre. Areal som i dag er upåverka vil vere essensielt å behalde mest mogleg urørt. I det utpeika område sør i Rogaland finn ein det største attverande samanhengande naturområde i fylket. Utbygging her vil gjere at det fell bort.

Området er særleg viktig som funksjonsområde for rovfugl. Generelt for rovfugl er at dei kompenserer låg reproduksjonsrate med høg levetid. Auka dødelegheit hos vaksne fuglar grunna til dømes utbygging av vindkraft kan få store følger for bestandsutviklinga. Per i dag har ein ikkje gode data for å kunne seie noko om effekten av vindkraftverk, særleg ikkje når det gjeld hubro. Likevel, størsteparten av utbygde og planlagde vindkraftverk i Rogaland er bygd i område som er leveområde for hubro. Når ein tar i betraktning det utbyggingane fører med seg av terrenginngrep så kan det ikkje vere tvil om at leveområda for hubro (og anna rovfugl) i Rogaland allereie er sterkt påverka. Attverande leveområde bør derfor skjermast for inngrep.

Me synar til side 176, figur 86 i NVE sitt høyringsforslag. Der har NVE markert eit område der det er gode produksjonstilhøve men og viktige reiselivs- og friluftslivsinteressar. NVE skriv at «det kan vere aktuelt å trekke områdegrensa noko sørover her». Me vil støtte oppunder dette, at i det minste bør dette området takast ut av nasjonal ramme. Det er svært høge verdiar, både når det gjeld naturmangfald og friluftsliv også i den delen av området som er plassert i Lund kommune.